



Tømrar Helge Andvik
Andvikvegen 509
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/861 - 23/7998

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
29.09.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak i eit trinn - oppføring av bustadhus - gbnr 27/34

Me syner til søknad motteke 18.09.23 og supplerande opplysningar 19.09.23.

Administrativt vedtak. Saknr: 092/2023

Tiltakshavar: Viviann Mjelstad
Ansvarleg søkjar: Tømrar Helge Andvik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av bustadhus på gbnr. 27/34, Nørland, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.09.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast kommune før det vert søkt om ferdigattest.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
4. Det skal søkjast om ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Tømrar Helge Andvik	970354824	S	1	Søkjar
PRO	Tømrar Helge Andvik	970354824	S	1	Prosjektering, arkitektur, konstruksjon og bygningsfysikk
PRO	SH Oppmåling AS	913864344	S	1	Oppmålingsteknisk

					prosjektering
PRO	Sotra takstol AS	986732799	S	1	Prosjektering takkonstruksjon og dragere
PRO	Flexit AS	926398806	S	1	Prosjektering ventilasjonsanlegg inkl. kanalføringar
PRO	Aasheim rørservice AS	978685528	S	1	Prosjektering sanitærinstallasjonar
UTF	SH Oppmåling AS	913864344	S	1	Utføring innmåling og utstikking
UTF	Utlabakk AS	927518902	L	1	Utføring ringmur og plate på mark
UTF	Viviann Mjelstad	Sjølvbygger	L	1	Utføring tømrararbeider og ventilasjonsinstallasjonar
UTF	Aasheim rørservice AS	978685528	S	1	Utføring sanitærinstallasjoner
UTF	Drange murmesterforretning AS	977074037	S	1	Utføring montering pipe, membran og fliser våtrom
UTF	Svein Andvik AS	935199050	S	1	Utføring byggegrop og avløpsanlegg
KTR	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Uavhengig kontroll av lufttettleik og våtrom

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Adressevedtak:

Melding om tildeling – og pålegg om skilting – av offisiell adresse (vegadresse).

Masfjorden kommune har gjort vedtak om at bustadhus på gbnr 27/34 er tildelt følgjande adresse:

Nørlandsvegen 72

Eigedommen har tidlegare fått tildelt adresse Andvikvegen 693, denne blir no sletta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bustadhus på gbnr. 27/34, Nørland med bygd areal (BYA) ca. 211 m² (Inkl. parkering) og tomten er på 842 m², noko som gjer ei utnyttingsgrad på 19 %. Tiltaket ligg i kommuneplan under LNF- spreidd bustadbygging og utnyttingsgrad er sett til 25%

Fakta

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Tomta er tidlegare planert i 2013 og det er lagt ned bunnleidningar. Denne saka vart ikkje avslutta, det er no søkt om ansvarsrett på ny for dei arbeida som vart gjort i 2013. Det er same føretak som gjorde desse arbeida som no erklærer ansvarsrett.

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tomta er knytt til offentleg vassleidning i sak 19/416 og det vart i samband med dette betala tilknytingsavgift for tomta. I same sak vart det gjeve løyve til utslepp via privat avlaupsleidning. Ein legg til grunn at desse løyva framleis eg gjeldande.

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4 og fram til kommunal veg på Nørland. Dette vart handsama i byggjesaka frå 2013.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass/framtidig garasjeplassering for bilar og nødvendig snuareal på tomte. Evt. oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak.

Vurdering

Tiltaket er i samsvar med planformål. Søknad er oppdatert med nødvendige ansvarsområde for tomteplanering og avløpsanlegg. Det er vurdert at det er gjeldane løyve til utslepp via privat avlaupsleidning og vasstilknytning til offentleg vassverk. Det er vidare gjort avtale om vegrett over privat grunn fram til offentleg veg.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Kopi til:

Viviann Mjelstad

Andvikvegen 661a 5981

Masfjordnes

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Viviann Mjelstad

Andvikvegen 661a 5981

Masfjordnes

Mottakarar:

Tømrar Helge Andvik

Andvikvegen 509 5981

Masfjordnes